



Tove Carson Vanderblue  
443 Penfield Road, Fairfield  
CT 06824

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/1887 - 17/17221

Saksbehandlar:  
Merethe Tvedt  
merethe.tvedt@meland.kommune.no

Dato:  
04.09.2017

## Godkjenning - GBNR 1/17 og 1/60 - Løyve til arealoverføring

**Administrativt vedtak. Saknr: 233/2017**

**Tiltakshavar:** Tove Carlson Vanderblue  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til arealoverføring, jf pbl § 20-1 bokstav m

### **Saksutgreiing:**

#### Saka gjeld:

Ved søknad journalført motteke 21.7.2017 har Tove Carlson Vanderblue, søkt om løyve til arealoverføring av om lag 2010 m<sup>2</sup> frå eigedomen gbnr 1/17 til eigedomen gbnr 1/60 på Flatøy, jf pbl § 20-1 bokstav m.

Arealet skal vera tilleggsareal for bustadeigedomen gbnr 1/60. Arealet er i reguleringsplanen for Flatøy sør /aust (arealplanid: 125619971015) regulert til Bustader \_B8. Bruken av arealet blir ikkje endra som følgje av arealoverføringa.

### **VURDERING:**


#### Nabovarsling:

Søknaden blei nabovarsla i perioden 27.6 – 18.7.2017, jf pbl § 21-3. Det er ikkje merknader frå naboar til søknaden.

#### Plangrunnlag:

Omsøkt areal er gjennom kommuneplanen sin arealdel avsett til framtidig bustadområde på Flatøy, område B\_8.

Utsnitt av Reguleringsplankartet:  
(omsøkt areal er skravert blått):



Vurdering av vilkåra for deling/arealoverføring, jf pbl § 20-1 bokstav (m):

Arealoverføring er eit søknadspliktig tiltak etter pbl § 20-1 bokstav m. Det er ikkje krav til bruk av ansvarleg føretak, jf 20-1, 3. ledd, siste punktum. Arealoverføring som omsøkt kjem ikkje i konflikt med pbl §§ 26-1 eller 28-1 (byggegrunn, miljøtilhøve).

Arealoverføringa inneber heller ikkje at eigedomane blir endra på ein måte som kjem i strid med plan- og bygningslova, eller at parsellane blir ueigna ved framtidig utnytting, jf pbl § 26-1.

Administrasjonen vurderer søknaden som tilstrekkeleg opplyst og denne blir godkjent som omsøkt, jf vedlagt situasjonsplan journalført motteke 21.7.2017. Grensene mellom eigedomane og nøyaktig storleik på overført areal blir fastlagd i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

### **Vedtak**

«Meland kommune godkjenner i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 20-1 bokstav m, søknad om arealoverføring av om lag 2010 m<sup>2</sup> frå eigedomen gbnr 1/17 til eigedomen gbnr 1/60 i samsvar med søknad journalført 21.7.2017, og som vist på situasjonsplan. Grunngevinga for vedtaket går fram av saksutgreiinga og vurderinga ovanfor.

Grensene mellom eigedomane og nøyaktig storleik på overført areal blir fastlagd i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Løyve fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om

eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedomsregistrering, jf pbl § 21-9.»

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Gebyr for sakshandsaminga blir ettersendt. Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det blir kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunngjeven.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Merethe Tvedt  
byggjesakskonsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Kart

**Mottakere:**

Tove Carson Vanderblue

443 Penfield Road,  
Fairfield